



Det første huset reisar seg no på Ytre Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det første huset som inngår i byggeprosjektet til Byggpartner Kvinnherad (Frode Bu) på Ytre Eik vil få innflytting seinast til påske. Familien Njåstad, som kjem frå Bergen men som allereie har flytta til Kvinnherad, satsar dermed på ei framtid i Uskedalen. Det gjer også familien som skal inn i hus nummer to og som vil ta huset sitt i bruk utpå sommaren.

Byggherre her er Terje Bu, som er sonen til Frode og murar av yrke. Han vil naturleg nok gjera mykje av arbeidet sjølv og også jobba for faren i framtida.

Medan Njåstad sitt hus allereie har begynt å ta form, har huset til Bu så langt fått såle og bakmurar.

Nede på flata ved riksvegen blir det også plass til ytterlegare to bustader, den eine tommannsbustad. Planen går vidare ut på at det skal byggjast to fritidsbustader nede mot sjøen. Den eine er det underskrive kontrakt om - med ein familie frå Odda - og arbeidet med den skal starta på nyåret.

Endeleg gjev reguleringsplanen rom for tre eller fire bustader lenger oppe, på den såkalla Dalsflåto, men dei ligg ein bit lenger framme i tid sjølv om dei tekniske anlegga blir fullført også for desse allereie no. Heile eigedomen som no skal byggjast ut dekkjer 13 mål.

Frode Bu har enno ikkje annonsert prosjektet sitt på Ytre Eik, men det vil skje om ikkje så lenge. Førebels har han ikkje noko meining om eventuell respons.

- Vi har det for tida så travelt med dette og andre prosjekt at marknadsføringa har kome i andre rekkje, seier han til uskedalen.no.

Elles har han høyrte folk - også fagfolk - uttrykke frykt for ustabile massar i det tidlegare grustaket der han no byggjer.

- Men det er det ingen grunn til. Eg vil beroliga folk med å opplysa at massane er heilt stabile og sikre, seier Frode.

Av Ola Matti Mathisen